

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fellesnemnda sitt arbeidsutval

**Møtedato:** 10.09.2018

---

**Sak nr.:** 18/6011-7

**Internt l.nr.:** 42169/18

**Sak:** 22/18

**Tittel:** Førebuande arbeid med regional planstrategi - opplegg og framdrift

**Behandling:**

**Prosjektleiaren rår arbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Arbeidsutvalet vedtek gjennomføring av førebuande arbeid og prosess med regional planstrategi slik det er skissert av prosjektleiaren i saksframlegget.
2. Arbeidsutvalet ber om at leiaren i samråd med prosjektleiaren så snart som mogleg avklarar og fastset tidspunkt og stad for FN-AU sine dialogmøter med kommunane/regionråda.

**Endringsframlegg:**

**Leiar Anne Gine Hestetun (A)** sette fram slikt alternativt forslag til nytt punkt 1:

1. Arbeidsutvalet vedtek gjennomføring av førebuande arbeid og prosess med regional planstrategi slik det er skissert av prosjektleiaren i saksframlegget og drøftingar og tilbakemeldingar gjeve i møtet.

**Avrøysting:**

Hestetun sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Prosjektleiar sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Arbeidsutvalet vedtek gjennomføring av førebuande arbeid og prosess med regional planstrategi slik det er skissert av prosjektleiaren i saksframlegget og drøftingar og tilbakemeldingar gjeve i møtet.
2. Arbeidsutvalet ber om at leiaren i samråd med prosjektleiaren så snart som mogleg avklarar og fastset tidspunkt og stad for FN-AU sine dialogmøter med kommunane/regionråda.